

Protokoll

Møtenummer : 1/2014-2016

Dato : 5.juni 2014
 Klokka : 17.00 – 21.00
 Stad : Idrettens hus

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Isane, Aud Kari	X			
1.vara Heien, Ingrid	X			
2.vara Grimseth, Stian	X			1,2,3,4
Leversund, Anne, organisasjonssjef	X			
Breilid, Ingar, plan- og utdanningsleiar	X			
Benjaminsen, Erling, økonomikonsulent	X			

Møteplan - neste styremøte:

Tysdag 26.august
 Fredag/laurdag 19-20 september
 Måndag 1.desember
 Måndag 19.januar
 Måndag 2.mars
 Måndag 13.april
 Måndag 11.mai (idrettsting 5-7 juni)
 Måndag 15.juni

Representasjon :

Årsmøte Årdal Idrettsråd	02.04.14	Anne Leversund
Krinsting SF Symjekrins	10.04.14	Arve Heimdal
Årsmøte Fjaler Idrettsråd	10.04.14	Ingar Breilid
Årsmøte Luster Idrettsråd	28.04.14	Ingar Breilid
Årsmøte/etablering Lærdal Idrettsråd	29.04.14	Ingar Breilid
Nynorsk-konferanse , Førde	29.04.14	Anne Leversund
Årsmøte Selje Idrettsråd	07.05.14	Arve Heimdal
Org.sjef møte/kretsleiar møte, Gardemoen	8-9.05.14	Anne Leversund
Fagseminar lov/organisasjon/utdanning	14-15.05.14	Anne, Erling, Ingar
NIF leiarmøte , Bergen	23-24.05.14	Nils R , Anne
Regionsting NHF Region-Vest	24.05.14	Ruth Sølvi Helland

Nytt frå administrasjonen- Orienteringssaker

- Diverse informasjon v/org sjef
- Gjennomgang av styrets ansvar og roller, arbeidsmåte for det nye styret v/styreleiar.

SAKER :

- 1 2014 – 2016 Protokoll frå førre møte
- 2 2014 – 2016 Møteplan 2014-2015
- 3 2014 – 2016 Idrettssenteret AS. Generalforsamling
- 4 2014 - 2016 Høyringsvar Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Planprogram regional plan for Folkehelse

Sak 1 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Teken til orientering.

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 14/2012-2014. 04.04.14

Sak 2 Møteplan 2014-2015

Framlegg til

Vedtak: Styret vedtek følgjande møteplan for arbeidsåret 2014-2015.

Bakgrunn: Styret ynskjer å fastsette møteplan for arbeidsåret 2014-2015
Styret må diskutere behovet for eit to dagars møte med overnatting. Framlegg om måndag som fast møtedag. Fint om alle kan førebu seg m.o.t. eigne møteplanar i forkant av møtet .

Framlegg til møteplan:

Måndag 26.august	Måndag 19.januar
Fredag/laurdag 19-20 september	Måndag 2.mars
Måndag 1.desember	Måndag 13.april
	Måndag 11.mai (idrettsting 5-7 juni)
	Måndag 15.juni

Sak 3 Generalforsamling Idrettssenteret as.

Vedtak: Styret oppnevner følgjande til styret i Idrettssenteret AS :
Styreleiar: Nils R Sandal (ny)
Styremedlem: Organisasjonssjef Anne Leversund
Varamedlem. Arve Heimdal
Varamedlem : Ruth Sølvi Helland (ny)

Bakgrunn: Det skal avholdast generalforsamling i Idrettssenteret AS 25.juni 2014. Idrettskrinsen har etter vedtektene styreleiar og 1 styremedlem, samt to vararepresentantar i selskapet. Tradisjonelt har styreleiar i Idrettskrinsen og vore styreleiar i Idrettssenteret As , Org. Sjef har vore styremedlem. Varamedlemmar til styret er i dag Arve Heimdal og Odd Bjarne Solheim.

**Sak 4 Høyringsvar Sogn og Fjordane fylkeskommune.
Planprogram regional plan for Folkehelse**

Vedtak: Idrettskrinsstyret godkjenner framlegget til høyringsuttale.

Bakgrunn: Fylkesutvalet vedtok 02.04.2014 i sak 30/14 å legge planprogram til regional plan for folkehelse på høyring . Sogn og Fjordane idrettskrins er ein av høyringsinstansane. Høyringssvaret er tidlegare utsendt og handsama pr mail . **DM -690893**



Anne Leversund
Org.sjef